



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Flora kommune
Postboks 13

6901 FLORØ

Dykkar ref.

Vår ref.
1999/09626 - 10/461.21/BN
A

Leikanger
17.11.2000

FLORA KOMMUNE - UTSLEPPSLØYVE FOR KOMMUNALT AVLØPSVATN FOR FLORØLANDET – UTSLEPP MELKEVIKA, HAMREGATA, STORÅSEN SØR OG KANALEN SØR

Vi viser til søknad oversendt 28.01.2000, og til anna korrespondanse og møte om saka.

INNLEIING

Flora kommune har vedteke ny hovudplan for avløp, og har på grunnlag av denne utarbeidd søknad om utsleppsløyve for dei kommunale avløpsanlegga. Søknaden har lege ute til offentleg gjennomsyn og er sendt på høyring i samsvar med "Forskrift om saksbehandling etter forurensningsloven" i tida 01.02. – 01.03.2000. Det har kome inn uttale frå Fiskeridirektoratet, Region Sogn og Fjordane, Ytre Fjordane Kraftlag AS, og frå Helse- og sosialetaten v/kommunelege I, jf. nærare omtale under "Grunngjevinga for avgjerda". Flora kommune som søkjar har ikkje merknader til innkomne fråsegner.

Etter ny avløpsforskrift som tek til å gjelde frå 01.01.2001 vil kommunane få utvida myndigheit for avløpsanlegg. Frå denne datoen blir kommunen konsesjons- og tilsynsstyresmakt for alle avløpsanlegg større enn 1000 PE. Slik PE er definert i den nye forskrifta, tilseier dette at kommunen blir ureiningsstyresmakt for avløpsanlegg som mottok avløpsvatn frå 1520 personar. Utifrå kommunen sine utrekningar i avløpsplanen og i søknaden vil dette gjelde for 12 av dei 16 avløpsanlegga som blir handsama no. Utsleppsløyvet er såleis delt i 2 dokument der det eine omhandlar dei anlegga der fylkesmannen framleis vil vere ureiningsstyresmakt, og det andre omhandlar dei anlegga der kommunen blir ureiningsstyresmakt frå komande årsskifte. Elles er dokumenta likelydande. Dette dokumentet gjeld dei anlegga der fylkesmannen framleis er ureiningsstyresmakt.

UTSLEPPSLØYVE

Med heimel i ureiningslova, § 11, første lekken, og §§ 16 og 22, jf. rundskriv T-5/91 frå Miljøverndepartementet, gjev fylkesmannen Flora kommune løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå busetnad m.v. for området Florølandet (utslepp Melkevika, Hamregata, Storåsen Sør og Kanalen Sør).

./. **Vilkåra for utslepp går fram av dette løyvet m/vedlegg dagsett 17.11.2000**

Adresse
Tinghuset, Skrivarvegen 3
Postboks 37
6861 LEIKANGER
Epost: Postmottak@fm-sf.stat.no

Telefon
57 65 50 00
Telefaks
57 65 50 55

Landbruksavdelinga
Hafstadvegen 48
Postboks 14
6801 FØRDE
Internett: www.fjordinfo.no/fmsf

Telefon
57 72 32 00
Telefaks
57 82 12 05

Løyvet gjeld for:

- Utslepp av sanitæravløpsvatn frå ovafor nemnde område (busette og arbeidsplassar) som vert ført via eksisterande og planlagde kommunale avløpsanlegg. I løyveperioden svarar dette til ca. **8.800 personeiningar (p.e.)**. samla for alle avløpsområda, jf. òg tabellen nedanfor.
- Utslepp frå nødoverløp og regnvassoverløp i samband med pumpestasjonar og reinseanlegg.
- Utslepp av prosessavløpsvatn som vert ført via eksisterande og planlagde kommunale avløpsanlegg innafør dei aktuelle områda/reinsedistrikta. (Dette frittek ikkje løyvepliktige verksemdar å søkje om eige utsleppsløyve).

Dette løyvet erstattar følgjande utsleppsløyve som med dette blir trekt attende:

- Løyve dagsett 20.12.1989 – Florølandet og Brandsøyåsen/Solheim

Reinsedistrikt/lokalisering av framtidige/permanente utslepp

Reinsedistrikt/ utslepp	P.e. *)	Anleggs- nr.	Kartblad	UTM-koordinatar Reinseanlegg **)	UTM-koordinatar Utsleppspunkt **)
Melkevika (RD 1)	2278		1118-3	291150 6836350	291100 6837200
Hamregata (RD 2)	1874	1401.13	1118-3	289850 6836250	289650 6836350
Storåsen Sør (RD 9)	1943	1401.01	1118-3	289550 6834300	289600 6834100
Kanalen Sør (RD10)	2682		1118-3	290600 6835150	290650 6834850

*) P.e. tyder her tal personar. For omrekning til PE etter definisjonen i "Forskrift om utslipp fra mindre avløpsanlegg" må dette talet multipliserast med 0,657.

***) Koordinatsystem: Euref 89

KRAV TIL REINSING/UTSLEPP

Ved utslepp av avløpsvatn til sjøresipient er kravet primærreinsing, jf. òg punkt 1.1 i vilkåra for løyvet. For dei mindre utsleppa til sjø er det i samsvar med søknaden gitt løyve til utslepp med slamutskiljar som reinsetiltak.

Avløpsvatnet skal førast til resipienten på ein slik måte at det skjer god fordeling-/fortynning og nedbryting i vassmassane. Ved utslepp til sjøresipient er normalkravet at avløpet skal førast til min. 20 meter djup (under lågaste vasstand), men kommunen må fastsetje endeleg utsleppsdjup og detaljplassering av utsleppsleidningane i kvart enkelt tilfelle på grunnlag av lokale tilhøve, straummålingar, innlagingsutrekningar m.v.

Utslepp frå overløp bør førast i tett leidning til min. 5 meter under lågaste vasstand i sjøen. Ved evt. utslepp frå overløp til vassdrag skal overløpsvatnet førast ut på ein slik måte at det til ei kvar tid skjer ei god innblanding i vassmassane.

MELLOMBELSE UTSLEPP

Følgjande utslepp kan halde fram inntil saneringstidspunktet:

Reinsedistrikt	Utsleppsstad / Ekst. avløpsone som blir sanert	Mellombels reinsegrad	Frist for sanering	Merknad
Melkevika (RD 1)	Ragnarrud/Hovland Brandsøyåsen Nord-Vest	S	2005	Rehabilitering, overføring til RD1 og reinsetiltak
Hamregata (RD 2)		U	2003	Rehabilitering og reinsetiltak
Kanalen Sør (RD 10)	Krokane/Nygård Kleiva/Soldal Krokane Vest	S S S	2002	Overføring til RD10 og reinsetiltak

S=Slamutskiljar. U=Ureinsa

Det er berre sett opp tidsfristar for reinsetiltak/oppryddingstiltak ved eksisterande (ureinsa) utslepp. Ved etablering av nye utslepp er føresetnaden at kravde reinsetiltak er på plass når utsleppet blir teke i bruk.

OVERVAKING

Jf. punkt 1.7 i vilkåra for løyvet.

ÅRSRAPPORTERING

Jf. punkt 1.8 i vilkåra for løyvet.

TIDSAVGRENSING FOR LØYVET

Løyvet er ikkje tidsavgrensa, men det vert vist til omgjeringsreglane i § 18 i ureiningslova.

GRUNNGJEVING FOR AVGJERDA

I samband med skriftleg førehandsvarsel og off. utlegging av søknaden kom det inn nokre fråsegner, men ingen av desse går mot at det blir gitt løyve til dei omsøkte utsleppa. Fråsegn frå Fiskeridirektoratet, Region Sogn og Fjordane gjeld omsyn til oppdrettsanlegg, kaste- og låssetjingsplassar og tiltak for unngå konflikt mellom utsleppsleidningar og fiskereiskapar. Kystverket viser til at Flora hamnevesen skal handsame søknader om utlegging av avløpsleidningar i sjøen. Ytre Fjordane kraftlag peikar i si fråsegn på konflikter mellom leidningstrasear og etablerte jordkabelanlegg, og ser det som særskilt viktig med samarbeid i planfasen slik at desse tinga kan takast omsyn til. Flora kommune har ikkje merknad til dette og vi føreset at det blir nødvendig kontakt mellom partane i det vidare arbeidet.

Med sin spesielle geografi og utbyggingsmønster har Flora særskilt mange utslepp av avløpsvatn til sjøen, særleg i området Florølandet. Sjølv om den nye avløpsplanen legg opp til ei nokså omfattande sanering og samling av utslepp, vil det framleis bli 14 utsleppspunkt i området Florølandet – Solheim – Brandsøy. Fylkesmannen vurderer den graden av samling som kommunen no har lagt opp til som realistisk utifrå dei gitte tilhøva, og med dei reinsetiltaka som er føresett.

Storleiken på utsleppa varierer mykje, og for dei mindre utsleppa er det føresett bruk av slamutskiljarar som reinsemetode, medan kommunen har planlagt anna mekanisk reinsing (silanlegg) for 4 av dei større utsleppa.

Flora fekk i 1998 gjennomført gransking av sjøområda i kommunen. Tilhøva i hovudsystema er gode, men resultata viser òg at det lokalt er område som er klart påverka av nærings salttilførsel. Dette gjeld både delar av Eikefjorden og enkelte stasjonar rundt Florø. I tillegg til å gjennomføre dei planlagde tiltaka med omsyn til sanering av utslepp og reinsing, er det viktig at nye utslepp blir lokalisert i område med god vassutskifting.

I vilkåra for løyvet er det føresett at slamutskiljarar kan nyttast som einaste reinsetiltak for dei mindre utsleppa og elles der tilstrekkeleg dimensjonerte slamutskiljarar er bygt i dag, sjølv om denne reinsemetoden ikkje fullt ut oppfyller primærreinsekravet (jf. punkt 1.1 i vilkåra for løyvet). Med utgangspunkt i storleiken på utsleppa og den lokaliseringa kommunen no legg opp til, meiner fylkesmannen at denne reinsemetoden er tilfredsstillande for å ivareta omsynet til miljø og brukarinteresser i resipienten. For dei største utsleppa der kommunen i sine planar føreset anna mekanisk reinsing er det i løyvet føresett at primærreinsekravet blir oppfylt.

Det er gitt mellombels utsleppsløyve for ein del eksisterande utslepp som etter avløpsplanen skal sanerast bort og/eller der dei planlagde og kravde reinsetiltaka er noko fram i tid. Dette er vist i ei eigen tabell på side 3 i løyvet. Den tidsramma som er gitt for dei mellombelse løyva er å rekne som tidsfrist for saneringstiltak. Fristane er i samsvar med eller noko utvida i høve til avløpsplanen.

Dette løyvet omhandlar ikkje reinsedistrikta Fanøye (1 og 2), Rognaldsvåg, Stavang og Steinhovden sjølv om desse er teke inn i søknaden. Dette skuldast at det ikkje eksisterer kommunale avløpsanlegg i dag og at dei planlagde anlegg er lang fram i tid. For Steinhovden er det eit mindre avløpsanlegg med løyve frå fylkesmannen frå 1994. For alle desse anlegga vil kommunen få nødvendig myndigheit etter den nye avløpsforskrifta.

Vi føreset at søknad for desse utsleppa blir teke opp til handsaming i kommunen når sakene blir meir aktuelle.

AVSLUTTANDE REGLAR OG ORIENTERINGAR

Endring eller attendekalling av løyvet

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene eller rammene for løyvet, kan føre til revurdering av vilkåra.

Tilsyn og ansvar

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48 – 50 i ureiningslova.

Den som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til føremålet og vilkåra for løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Alle verksemder som sysselset arbeidstakar(ar), er frå 1.1.1992 pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd, jf. § 52 b i ureiningslova og Internkontrollforskrifta (seinast endra 6.12.1996). I høve miljøvern-avdelinga hos fylkesmannen sitt tilsynsområde, vil vi spesielt streke under plikta til å etablere og drive ein internkontroll som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handsaming av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve eller samtykke etter anna lovverk.

Ureiningsgebyr, straff

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr (tvangsmulkt) til Staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførte i samsvar med løyvet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda, eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Bjarne Nes. Tlf.: 57 65 51 49

Vedlegg: Vilkår for løyvet

Kopi m/vedlegg:

Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo
Kystverket 2. Distrikt, Postboks 466, 5501 Haugesund
Fiskeridirektoratet, Region Sogn og Fjordane, Postboks L, 6701 Måløy
Flora kommune, Helse- og sosialetaten, 6900 Florø
Flora havnevesen, Postboks 17, 6901 Florø
Ytre Fjordane Kraftlag AS, Postboks 53, 6901 Florø

Vass, BN (2eks.)

Utsleppsløyve dagsett 17.11.2000

Flora kommune – Florølandet (utslepp Melkevika, Hamregata, Storåsen Sør, Kanalen Sør)

0 INNLEIING

Formålet med dei krava som vert sette i utsleppsløyvet er å sikre kunnskap om utsleppa i kommunen, å halde ureinings situasjonen under kontroll, og å tilpasse tiltaka slik at avløpet kan førast til resipienten utan at denne tek skade på kort og lang sikt. Det er i hovudsak sett funksjonskrav, og krav til drift og tilsyn for dei ulike delane av avløpssystemet, men i noko grad vert det òg sett krav til anleggsutføring. For enkelte av dei pålagde tiltaka er det òg sett tidsfristar for gjennomføring.

Det er òg viktig å ivareta omsynet til arbeidsmiljøet for dei som skal drive og vedlikehalde avløpssystemet for at desse skal kunne bli drivne optimalt. Det er likevel ikkje sett spesielle arbeidsmiljøkrav, men det blir vist til Arbeidstilsynet og det lovverket den etaten forvaltar.

Eit viktig element i kommunen sin oppfølging av aktuelle lover, forskrifter og vilkår er oppbygginga av ein internkontroll, jf. "Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)".

1 VILKÅR FOR LØYVET

1.1 Reinseanlegg

Reinsekrav:

Ved utslepp til sjøresipient er kravet primærreinsing, dvs. at avløpsvatnet skal reinsast i silanlegg, mekanisk sedimenteringsanlegg eller anna type reinseanlegg som reduserer innhaldet av organisk materiale, målt som BOF₅ med 20 %, og innhaldet av suspendert stoff (SS) med 50 %. Utslepp med eksisterande slamutskiljarar kan halde fram som no. Slamutskiljarar kan òg nyttast som reinsem metode for andre utslepp i samsvar med søknad (jf. tabell under punkt 3.5), sjølv om reinsekrava ovafor ikkje fullt ut blir oppnådde. Ved bygging av nye slamutskiljarar, og ved utviding/opprusting av eksisterande, skal slamutskiljarane vere 3-kamra ¹.

Kontroll med utsleppet:

Reinseanlegga skal ha nødvendig utstyr for måling av avløpsmengde, og for å gjennomføre den kontrollen som det er sett krav om. Utsleppskontrollen ved reinseanlegga skal utførast i samsvar med oppsett i tabell 1.1.

Tabell 1.1.

Reinseanlegg	Parameter	Prøvepunkt	Prøver pr. år
Silanlegg	Vassføring	Innløp, evt. utløp Overløp	Kontinuerleg
	Suspendert stoff (SS)	Innløp. Utløp	12 D ²
	Organisk materiale (BOF ₇)	Innløp. Utløp	12 D

¹ Opphaldstid skal vere min. 18 timar, basert på midlare tilrenning, med mindre det kan dokumenterast at opphaldstida ved maksimal timetilrenning er min. 3 timar, og at vasstraumen gjennom slamutskiljaren til ei kvar tid er mindre enn 0,4 cm/sek.

² D= døgnblandprøve

Det er ikkje kravd særskild utsleppskontroll/prøvetaking av avløpsvatn før og etter slamutskiljarar, men føresett at effekten av desse blir dokumentert som utteke slammengde (jf. punktet nedanfor), og gjennom rutinar for tømning og tilsyn.³

Kontroll med slamproduksjon:

Utteke slammengde ved reinseanlegg (inkl. silanlegg og slamutskiljarar) skal registrerast som: Totalt ant. m³ pr. år, kg tørrstoff pr. år, og g/person.døgn (målt som tørrstoff).

Drift og tilsyn:

Det skal liggje føre drifts- og vedlikehaldsinstruksar, driftsjournalar, beredskapsplanar og varslingsystem som sikrar at anlegga til ei kvar tid minst oppfyller vilkåra i dette utsleppsløyvet.

Vedlikehald og vanlege reparasjonar skal kunne utførast utan at utsleppskrava vert overskridne. Ved større vedlikehalds- og reparasjonsarbeid som kan føre til vesentlege utslepp av råkloakk skal fylkesmannen og lokale helsestyresmakter varslast på førehand.

1.2 Transportsystemet

Transportsystemet skal utformast slik at transport av spillvatn og overflatevatn kan skje på ein hygienisk trygg måte. Det skal førast kontroll med at mindre vassdrag (bekkar) ikkje vert tilført ureining frå transportsystemet, f.eks. frå direkte utslepp, feilkoplingar, lekkasjar o.l. Drift og vedlikehald skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over funksjon og effekt av transportsystemet. Dersom det oppstår feil på transportsystemet som fører til vesentlege utslepp av råkloakk skal fylkesmannen og lokale helsestyresmakter varslast.

Leidningsanlegg

Alle nye avløpsleidningar skal leggjast etter separatsystemet. Overvatnet skal førast til eigna resipient eller takast hand om lokalt.

Arbeidsleiar som har ansvar for legging av leidningsanlegg, skal kunne dokumentere røynsle og kunnskap i tilsvarende arbeid. Med arbeidsleiar meiner ein person som leiar arbeidet på den konkrete anleggsstaden.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdaterte kart som viser leidningsnett, pumpestasjonar, overløp, m.m. Leidningskartverket kan vere bygt opp manuelt eller vere EDB-basert.

Pumpestasjonar

Pumpestasjonar skal utstyrast med minst 2 pumper, kvar med kapasitet tilsvarende Q_{djm} (maks. timetilrenning i eit middeldøgn). Ved normale driftstilhøve skal det ikkje vere utslepp via overløp.

For å sikre best mogeleg drift av pumpestasjonar, må dei vere enkle å inspisere og halde vedlike. Pumpestasjonane bør ha overbygg, og dei skal elles vere utforma slik at dei tilfredsstillar krava til tryggleik og arbeidsmiljø.

For pumpestasjonane skal det utarbeidast skriftlege rutinar for kontroll, service, ettersyn og overhaling av alt maskinelt og elektrisk utstyr.

³ Ved bygging av nye større slamutskiljarar, bør det leggjast til rette for framtidig prøvetaking av avløpsvatnet før og etter reinsing.

I pumpestasjonane skal det vere utstyr som gjev alarm om nødoverløpet kjem i funksjon, og som viser feil på pumper/motorar. Det skal vidare vere utstyr som kan dokumentere/registrere pumpa vassmengde.

Pumpestasjonar som ikkje vert fjernovervaka skal min. vere påmonterte utvendige signallamper som skal lyse om det oppstår driftsstans ved stasjonen. Stasjonen skal ha oppslag med telefonnr. som publikum kan ringje for å melde feil.

Overløp.

1. Nødoverløp.

Det skal vere nødoverløp ved reinseanlegg og pumpestasjonar. Dei skal ikkje tre i funksjon under normale driftstilhøve, og skal berre nyttast i samband med reparasjonar og ved straumstans e.l.

2. Regnvassoverløp.

Regnvassoverløp skal berre nyttast i samband med fellessystem på avløpsnett, og då for å sikre at den maksimale kapasiteten til reinseanlegg og pumpestasjonar ikkje vert overskriden. Overløpa skal vere utforma slik at den hydrauliske kontrollen med avlasta og vidareført vassmengde vert god, og dei bør vere av ein type som gjev god partikkelseparasjon.

Utsleppsarrangement.

Utsleppsleidningane skal liggje frostfritt og forankrast slik at dei ikkje flyt opp eller endrar leie. Kystverket/hamnevesenet må godkjenne plasseringa av utslepp/leidningar i sjøen, og leidningane må merkast i samsvar med dei vilkåra som Kystverket/hamnevesenet set.

1.3 Feitthaldig avløpsvatn

Feitthaldig avløpsvatn skal ikkje føre til driftsproblem i avløpsleidningar, pumpestasjonar eller reinseanlegg. ⁴

1.4 Oljehaldig avløpsvatn

Avløpsanlegga skal ikkje tilførast oljehaldig avløpsvatn som kan føre til driftsproblem i avløpsleidningar, pumpestasjonar og reinseanlegg, eller utslepp av olje som kan gje skade eller ulempe for miljø og bruksinteresser i resipienten. Oljeinnhaldet skal heller ikkje føre til nedsett slamkvalitet. ⁵

1.5 Industritilknytning, prosessavløp o.l.

Prosessavløp og andre utslepp som skil seg frå "normal" kommunal kloakk, kan førast til dei kommunale avløpsanlegga innafor den ramma løyvet set. Avløpsanlegget skal vere dimensjonert for, og ha reinseprosessar som er tilpassa den aktuelle samla tilførselen som desse påsleppa utgjer.

Påsleppa skal ikkje innehalde stoff som fører til fare for gjentetting, slamavsetjing og slitasje på transportsystemet, eller auka korrosjon og dårleg arbeidsmiljø (lukt,

⁴ Kommunen kan krevje montering av feitttuskiljar i samband med utslepp av feitthaldig avløpsvatn for verksemdar o.l. som ikkje har eige utsleppsløyve frå SFT eller fylkesmannen.

⁵ Kommunen er gitt heimel til å krevje montering av oljeutskiljar i samband med utslepp av oljehaldig avløpsvatn for verksemdar o.l. som ikkje har eige løyve frå SFT eller fylkesmannen. Jf. "Forskrift om utslipp av oljehaldig avløpsvann og om bruk og merking av vaske- og avfettingsmidler" (T-1043), og delegasjonsskriv frå fylkesmannen dagsett 19.12.1983.

gassar, eksplosjonsfare o.l.). Påsleppa skal ikkje kunne forstyrre reinseprosessane på ein slik måte at reinsekrava ikkje kan oppfyllast til ei kvar tid.

Påsleppa skal ikkje innehalde stoff som kan føre til dårleg slamkvalitet, og som hindrar ein ressursvenleg disponering og bruk av slammet.

Dersom prosessavløp/påslepp fører til/kan ventast å føre til problem som nemnt ovafor, kan verksemda få krav om å utgreie og iverksetje tiltak (f.eks. for-reinsing av avløpet) for å unngå eller løyse problemet. Dersom verksemda er underlagt konsesjonsplikt frå SFT eller fylkesmannen, må slike krav gjevast i samråd med rette ureiningsstyremakt.⁶

Alle påslepp av prosessavløp frå verksemder skal registrerast både med omsyn til mengde og samansetjing. Det må på grunnlag av dette vurderast om det er trong for for-reinsing, utjamning eller andre tiltak for å unngå problem for dei kommunale avløpsanlegga.

1.6 Transport, handsaming og disponering av avløpsslam.

Alt avløpsslam; råslam frå reinseanlegg, feittslam frå feittutskiljarar, m.v. skal transporterast til godkjent anlegg for mottak/handsaming. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogeleg ulempe, lukt m.v.

Slam frå reinseanlegg skal fjernast så ofte som dette er naudsynt i høve til dimensjoneringa og tilknyttinga til anlegga. Kommunen skal ha skriftlege rutinar for dette.

Innsamling, handsaming og bruk av avløpsslam skal elles skje i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrifter og retningsliner, og etter dei vilkåra som vert sette for mottaks- og handsamingsanlegg for avløpsslam.

1.7 Resipientovervaking

Det er ikkje sett særskilt krav med fristar for ny resipientgransking i dette løyvet, men ved badeplassar/område som vert nytta til bading, skal kommunen halde oversyn over badevasskvaliteten. Omfang og prøvetaking skal avklarast med lokale helsestyresmakter og næringsmiddelkontrollen.⁷

1.8 Årsrapport

Kvart år skal nødvendige opplysningar om avløpsanlegg og utslepp sendast til fylkesmannen, jf. § 49 i ureiningslova⁸. Tidsfrist og omfang av rapporteringa vert fastsett i eige brev til kommunen, men skal normalt minst omfatte reinseanlegg, transportsystem, handsaming av slam, resipientovervaking m.v.

⁶ For alle verksemder som i vesentleg grad har noko å seie i høve til desse problema, bør kommunen inngå avtalar som kan førebyggje problema, og som sikrar miljøet og kommunen sine interesser. Fylkesmannen, evt. SFT skal gjerast kjent med slike avtalar som vert inngått.

⁷ Vi viser til arbeidet med å fastsetje miljømål for vassførekomstane. Kommunane blir oppmoda om å skaffe seg oversikt over tilstand i vassførekomstane, og fastseje eigne mål utifrå ønska kvalitet og bruk av vassdrag og sjøområde.

⁸ Krav til årleg rapportering følgjer òg av § 7 i "Forskrift om utslipp fra mindre avløpsanlegg".